Statens vegvesen

REGULERINGSPLAN

Tekniske teikningar

Rv. 5 Kjøsnesfjorden

Deponi Klakegg

Jølster kommune

Eli Mundhjeld

Prof. nr. 14R0005R_048
Reguleringsplan godkjent: 19.06.2018

Region vest Leikanger,
R.vegktr
Dato: 12. desember 2017

Føreord

Statens vegvesen har i samarbeid med Jølster kommune utarbeidd reguleringsplan for deponiområde ved Klakegg. Deponiområdet er planlagt brukt til deponering av overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen. Planen inneheld og eit mindre område for mellombels masselager som kan nyttast under anleggsarbeidet.

Planen har planid. 1431-2017002.

Statens vegvesen presenterte forslag til reguleringsplan for utval for plan og utvikling i møte 14.02.2018. Jølster kommune gjorde eit samrøystes vedtak om at planen kunne leggast ut til offentleg ettersyn. Forslag til reguleringsplan vart lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn, jf. §3-7 i Plan- og bygningslova, i perioden 1. mars–20. april 2018.

Varsel om offentleg ettersyn vart kunngjort i avisene Firda og Firda Tidend. Grunneigarar og rettigheitshavarar fekk skriftleg melding om offentleg ettersyn av forslag til reguleringsplan. Planforslaget vart samtidig sendt på høyring til offentlege instansar.

Planforslaget var tilgjengeleg på følgjande stader:

- Jølster kommune:
  - Kommunehuset
  - Internett: www.jolster.kommune.no
- Statens vegvesen:
  - Internett: www.vegvesen.no/vegprosjekter

Det kom inn to merknader til planen. Som følgje av merknadene, er det gjort enkelte presiseringar i føresegnene. Merknadene medførte ingen endring av teikningane til reguleringsplanen. Innkomne merknader og Statens vegvesen sin vurdering av desse er omtalt i kapittel *9 Innkomne merknader i samband med høyring og offentleg ettersyn.* Innkomne merknader ligg som vedlegg i planomtalen.

Jølster kommune vedtok reguleringsplanen under møte i kommunestyret 19.06.2018, sak 041/18, med følgjande vedtak:

«Jølster kommune vedtek etter § 12-12 i plan- og bygningslova Reguleringsplan for deponiområde ved Klakegg plan ID 1431-2017002, med slike endring etter offentleg ettersyn:

- *Det skal prioriterst å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg.*
- *Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.*

Endringa må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.»

Endringane er lagt inn som §8 i føresegnene til planen i tråd med vedtaket. Vedtaksbrevet er vedlagt planen. Statens vegvesen vil likevel kommentere at det er uheldig at Jølster kommune vedtek endringar som ikkje har vore på høyring, og som heller ikkje har vore diskutert med Statens vegvesen på førehand.

Kommunen sitt vedtak kan påklagast til Miljødepartementet jf. Plan- og bygningslova §12-12. Avgjerdsretten i klagesaker er delegert til Fylkesmannen. Eventuell klage skal stilast til Fylkesmannen og sendast til kommunen.

Innhald i plandokumentet:

Føreord

Oversiktsteikning B1

Formelt bindande del:
- Reguleringsføresegner
- Reguleringsplanteikningar R1 – R2

Planomtale

Vedlegg i planomtalen:
- Innspel til varsla planoppstart
- Innkomne merknader til planforslag
- Vedtaksbrev frå Jølster kommune
- Plan- og profilteikning C001
- Normalprofilteikning for gang- og sykkelveg F001

Vedlegg til planen
- ROS-analyse



Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Statens vegvesen

Rv. 5 Rassikring Kjøsnesfjorden

Deponi Klakegg

Oversiktsteikning

Reguleringsplan

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
anelva		benoy	

Tegningsdato	
Bestiller	Vegavd. Sogn og Fj.
Produsert for	Region vest
Produsert av	Planseksjonen
Prosjektnummer	304176
Prosjektfasenummer	14R0005R_048
Arkivreferanse	2012022775
Målestokk A3-format	1:4000
Koordinatsystem	EUREF89 UTMSone 32
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	B1

JØLSTER KOMMUNE

Reguleringsføresegner for:

Rv. 5 Kjøsnesfjorden - Deponi ved Klakegg

Planid. 1431-2017002

§1 Planen sine grenser, reguleringsformål, omsynssoner og bestemmelsesområde

Planen sin avgrensing er vist på teikning R1 og R2.
Plangrense er synt på teikningane. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.
Kartprojeksjonen er UTM sone 32, basert på EUREF89/WGS84.

Areala i planområdet har følgjande reguleringsformål, omsynssoner og føresegnområde:

1.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12-5, nr 2)

- Køyreveg, offentleg
- Gang- og sykkelveg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kombinerte formål for samferdsleanlegg og/eller teknisk infrastrukturtrasear
- Avkøyrsler, private

1.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (Pbl §12-5, nr 5)

1.4 Omsynssoner (Pbl §11-8 a til f, jf. §12-6)

- Sikringssone frisikt

1.5 Bestemmelsesområde (Pbl §12-7)

- Anlegg- og riggområde

Vertikalnivå
Planen har eitt vertikalnivå: "*på bakken*" .

§ 2 Felles føresegner

§ 2.1 Byggegrenser
Der byggegrensa ikkje er vist, gjeld reglane i veglova.

§2.2 Landskap og estetikk
Matjord skal takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som vekstmedium på skråningar eller dyrka mark. Matjorda skal nyttast som vekstmedium i eller nær planområdet. Før oppstart skal det føreliggje ein plan/ avtale med grunneigar for korleis matjorda vert teke vare på, og korleis den skal disponerast.

§ 3 Plankrav

§ 3.1 Rigg- og marksikringsplan
Det skal utarbeidast ein Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) frå start av prosjekteringsfasen. Område som ikkje skal rørast skal markerast i terrenget. Dette er spesielt viktig der det er eksisterande vegetasjonsdekke og terrengformasjonar som skal takast vare på.

§ 3.2 Plan for Ytre Miljø (YM-plan)
Prosjektorganisasjonen skal utarbeide ein plan for ytre miljø (YM-plan) frå start av prosjekteringsfasen.
YM-plan skal vidareføre dei krava og avbøtande tiltaka som er omtala i planen og oppsummert i kapittel om føringar for YM-plan. Miljøutfordringane som blir avdekka blir ført vidare til utførande og kontrollerande i gjennomføringsfasen.

§ 3.3. Plan for utforming og avslutning av deponiområde L1 og L2
Prosjektorganisasjonen skal utarbeide ein etappevis plan for avtaking av toppmassane i deponiområda, og utfylling og revegetering av områda, der ein legg vekt på gode avrunda overgangar mot eksisterande terreng. Med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal deponiområda ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Planen skal utarbeidast i samråd med grunneigarar og godkjennast av Jølster kommune.

§ 3.4 Plan for utforming og avslutning av mellombels masselager L3
Prosjektorganisasjonen skal utarbeide ein plan før etablering av masselageret som beskriv opparbeiding av området og korleis området skal stellast til ved avslutning av masselageret. Med utgangspunkt i markslaga for det aktuelle arealet, skal området for mellombels masselager ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Planen skal utarbeidast i samråd med grunneigar og godkjennast av Jølster kommune.

§ 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 4.1 Offentleg køyreveg SKV1
Det skal kunne gjerast mindre tiltak for å slake ut kurva nedanfor krysset.

§ 4.2 Gang- og sykkelveg, offentleg, SGS1
Gang- og sykkelvegen skal vere ein offentleg gang- og sykkelveg, og skal opparbeidast i samsvar med plan- og profilteikning C001 og F001. Mindre avvik i høgde kan gjerast i samråd med tiltakshavar og Jølster kommune.

§ 4.3 Annan veggrunn – grøntareal SVG
4.3.1 Annan veggrunn grøntareal, er offentleg veggrunn som sikrar dei offentlege vegane. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsvegar og mellombels massedeponi.

4.3.2 Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala, som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

4.3.3 Annan veggrunn er areal til grøfter og skråningar. Skråningane skal utformast med god tilpassing til sideterrenget, dekkast med vegetasjonsmassar og såast til.

§ 4.4 Kombinerte formål for samferdsleanlegg SKF
Vegen skal vere ein offentleg gang- og sykkelveg kombinert med landbruksveg for tilkomst til garasje/lagerbygg. Vegen skal opparbeidast i samsvar med plan- og profilteikning C001 og F001. Mindre avvik i høgde kan gjerast i samråd med tiltakshavar og Jølster kommune.

§ 4.5 Avkøyrsler, private
Eksisterande avkøyrsler skal oppretthaldast.

§ 5 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift
Område regulert til landbruk, natur og friluftsliv sikrar dagens bruk av områda. Eksisterande kulvert under E39 skal forlengast slik at den og går under ny gang- og sykkelveg. Det skal vere framkomeleg med traktor mellom innmarka i område L1 nedanfor gang- og sykkelvegen og kulverten.

§ 5.1 L1 og L2 - Deponiområde
Delar av område L1 og heile område L2 er regulert til anlegg- og riggområde, og skal nyttast til deponi i samband med vegtiltak. Det skal lagast ein plan for korleis områda skal setjast i stand ved ferdigstilling av deponia, jf. § 3.3.

§ 6 Omsynssoner

§ 6.1 Sikringssone (pbl. § 11.8 a) - Frisiktsone H140
I området mellom frisiktlinene og køyrevegen (frisiktsona) skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

§ 7 Bestemmelsesområde

§ 7.1 Mellombels anleggsområde L1 # og L2 #
7.1.1 Områda kan nyttast til anleggsområde og mellomlagring av massar. Byggherre og entreprenør skal sørge for at områda vert sikra på forsvarleg måte når dei vert tekne i bruk. Etter avslutta anlegg opphøyrer mellombels reguleringsformål og arealet går over til formål som vist i planen.

7.1.2 Prosjektet er ansvarleg for at massane som er tekne av vert tilbakeført til det området dei er tekne frå og at områda blir utforma med god terrengtilpassing etter plan jf. § 3.3.

7.1.3 Deponering av massar i område L1 og L2 skal først skje når alle andre massebehov i Skei-området er dekka.

§7.2 Mellombels masselager, L3 #
7.2.1 Området skal kunne nyttast til mellombels lagring av overskotsmassar. Byggherre og entreprenør skal sørge for at området vert sikra på forsvarleg måte når det vert teke i bruk. Etter avslutta anlegg opphøyrer mellombels reguleringsformål og arealet går over til formål som vist i planen. Prosjektet er ansvarleg for at området vert stelt i stand igjen etter plan jf. § 3.4.

7.2.2 SEFRAK-registrert bygg frå 1700-talet skal flyttast til eigna tomt på grunneigar sin eigedom, før området vert teke i bruk som masselager, viss det ikkje er hensiktsmessig å halde ei omsynssone på minst 5 m rundt bygninga.

7.2.3 Bygning i sveitserstil kan rivast ved behov før området vert teke i bruk som masselager, viss det ikkje er hensiktsmessig å halde ei omsynssone på minst 5 m rundt bygninga.

§ 8 Rekkefølgebestemmelser
Det skal prioriterast å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg. Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.



Teiknforklaring

RegulerIngsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg (2011)
- SGS — Gang-/sykkelveg (2015)
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal (2019)
- SKF — Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (2800)

§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og frilluftsformål og reindrift

- L — LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (5100)

§12-6 - Omsynssoner

- Frisikt (140)

§12-7 - Bestemmelseområder

- # — Anlegg- og riggområde (91)

LInjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- RpBestemmelseGrense
- RpSikringGrense
- Bebyggelse som inngår i planen (1214)
- Bebyggelse som forutsettes fjernet (1215)
- Frisiktlinje (1222)

Punktsymboler

- Avkøyrsel – både inn og utkøyring (1242)

Statens vegvesen
Profnr. 14R0005R_048
Saksnr. 15/228477

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	
Dato for basiskart:	
Koordinatsystem:	UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag:	NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:1000
0 12.5 25 37.5 50 m

N

Jølster kommune

Plantype
Reguleringsplan
Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID:
1431-2017002

Forslagstillar:
Statens vegvesen, Region vest

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak		041/18	**19.06.2018**	benoyr
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå .....til				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå 01.03.2018 til 20.04.2018				
1. gongs handsaming				
Kunngjering av oppstart av planarbeid			03.05.17	benoyr
Oppstartsmøte.....			23.11.16	benoyr
PLANEN ER UTARBEIDD AV: Statens vegvesen		**TEGNNR**	**DATO**	**SIGN.**
		R1		

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato Plansjef



Teiknforklaring

RegulerIngsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg (2011)
- SGS — Gang-/sykkelveg (2015)
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal (2019)
- SKF — Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (2800)

§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og frIluftsformål og reIndrIft

- L — LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reIndrIft og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (5100)

§12-6 - Omsynssoner

- Frisikt (140)

§12-7 - Bestemmelseområder

- Anlegg- og riggområde (91)

LInjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- RpBestemmelseGrense
- RpSikrIngGrense
- Bebyggelse som Inngår I planen (1214)
- Bebyggelse som forutsettes fjernet (1215)
- Frisiktlinje (1222)

Punktsymboler

- Avkøyrsel – både inn og utkøyring (1242)

Statens vegvesen
Profnr. 14R0005R_048
Saksnr. 15/228477

Kartopplysninger

Kjelde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:1000
0 12.5 25 37.5 50 m

N

Jølster kommune

Plantype
Reguleringsplan
Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID:
1431-2017002

Forslagstillar:
Statens vegvesen, Region vest

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak		041/18	**19.06.2018**	bentoyr
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå .....til				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå 01.03.2018 til 20.04.2018				
1. gongs handsaming				
Kunngjering av oppstart av planarbeid			03.05.17	benoyr
Oppstartsmøte.....			23.11.16	benoyr
PLANEN ER UTARBEIDD AV: Statens vegvesen		**TEGNNR.** R2	**DATO**	**SIGN.**

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak Dato Rådmann

Innhald i planomtalen:

FØREORD I

1 INNLEIING 1

2 BAKGRUNN FOR PLANFORSLAGET 1

2.1 PLANOMRÅDET 1
2.2 MÅL FOR PLANARBEIDET 2
2.3 TILTAKET SITT FORHOLD TIL FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTGREIING 2

3 PLANPROSESSEN 2

3.1 VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID 2
3.2 MEDVERKNAD 2
3.3 LØYVINGAR 2
3.4 REGULERINGSPLANAR 2
3.5 KOMMUNEPLAN 2

4 RAMMER OG PREMISSAR FOR PLANARBEIDET 3

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE 3

5.1 PLASSERING AV PLANOMRÅDE 3
5.2 E39 OG FV. 453 3
5.3 EKSISTERANDE GRUNNTILHØVE 3
5.4 LANDSKAPSBILETE 3
5.5 NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV 5
5.6 NATURMANGFALD 6
5.7 KULTURMILJØ 7
5.8 NATURRESSURSAR 9
5.9 TEKNISKE INSTALLASJONAR I PLANOMRÅDET 10

6 SKILDRING AV PLANEN 10

6.1 GENERELT 10
6.2 REGULERINGSOMRÅDET 10
6.3 FV. 453 10
6.4 KABLAR OG LEIDNINGAR 10
6.5 STØY 10
6.6 FLAUM 10
6.7 GRUNNTILHØVE I DEPONIOMRÅDA 10

7 VERKNADER AV PLANEN 11

7.1 LANDSKAPSTILPASSING 11
7.2 NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV 11
7.3 NATURMANGFALD 11
7.4 KULTURMILJØ 11
7.5 NATURRESSURSAR 12
7.6 YTRE MILJØPLAN (YM-PLAN) 12
7.7 EIGEDOMAR OG AREAL 13
7.8 ANLEGGSARBEID OG MIDLERTIDIG ANLEGGSOMRÅDE 13
7.9 ROS-ANALYSE 13

8 SAMANDRAG AV INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART 13

8.1 SAMANDRAG AV INNKOMNE INNSPEL OG STATENS VEGVESEN SI VURDERING AV DESSE 13

9 INNKOMNE MERKNADER TIL PLANFORSLAG 15

VEDLEGG 15

1 Innleiing

Med heimel i plan- og bygningslova §3-7 har Statens vegvesen i samarbeid med Jølster kommune, utarbeidd detaljreguleringsplan for deponi ved Klakegg. Deponiet er planlagt for å kunne ta mot om lag 300 000 m^3 overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen. Det er også regulert eit mindre område for mellombels masselager. Kor stort behovet for deponering vil vere, er avhenging av kor mykje av overskotsmassane som vert brukt til andre føremål. Reguleringsplanen viser maksimal utnytting, men deponiområdet kan bli redusert viss behovet vert mindre. Oversiktskartet i Figur 1-1 viser plassering av planområdet for deponiet.



Figur 1-1: Oversiktskart som viser plassering av deponiet ved Klakegg.

> Kva er ei detaljregulering?
>
> Ei detaljregulering er eit detaljert plankart med planføresegner og planomtale, og fastsett i detalj korleis arealet innanfor planområdet skal utnyttast. Detaljreguleringsplanen gir rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, m.a. ved eventuell ekspropriasjon av grunn.

Statens vegvesen har ansvaret for planarbeidet til og med merknadshandsaming etter høyringsperioden. Deretter blir planen sendt til Jølster kommune for politisk handsaming.

2 Bakgrunn for planforslaget

Ved bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen vil det vere behov for deponering og mellombels lagring av overskotsmassar frå prosjektet. I samband med arbeidet med reguleringsplanen for skredsikring langs Kjøsnesfjorden vart det gjort ei vurdering av fleire område som kunne vere aktuelle som deponiområde for overskotsmassar, mellom dei området ved Klakegg. Ei førebels skisse vart laga i samband med utarbeiding av rapporten «Rv. 5 Skredsikring langs Kjøsnesfjorden. Vurdering av massehandtering», og ligg til grunn for denne reguleringsplanen.

2.1 Planområdet

Ved melding av oppstart av reguleringsplanarbeidet, vart det meldt planarbeid for området det var ønskjeleg å vurdere nærare gjennom planarbeidet, og strekk seg frå E39 og på begge sider av fv. 453. Planområde det vart varsla oppstart for, er vist i Figur 2-1.



Figur 2-1: Kartet syner avgrensing av planområdet ved varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Avgrensinga er vist med svart stipla strek. Planområdet er noko mindre for forslag til sjølve reguleringsplanen.

I det vidare planarbeidet vart det kjent at ei myr innanfor planområdet tidlegare var brukt til bossfylling. Myra ligg nedanfor E39 og nord for fv. 453. Denne bossfyllinga er registrert som Klakegg avfallsfylling (lokalitet 4327) i Grunnforurensningsbasen og i Matrikkelen. Den tidlegare bruken av myra som bossfylling, medfører at det er arealbruksrestriksjonar på eigedommen. Fylkesmannen kom i sitt innspel til oppstart av planarbeidet med

oppmoding om at denne myra ikkje vart fjerna, sjå *Vedlegg til planomtalen – Innkomne innspel etter varsla planoppstart*. Grunnboringar vart utført for å sjekke mektigheita til myra, og det vart målt djupne ned til ca. 10 m. På bakgrunn av tilbakemelding frå Fylkesmannen og etter samtale med konsulent om vurdering av Fylkesmannen sitt innspel, vurdering av fare for spreiing av ureining, eit krevjande arbeid med stor usikkerheit og omsyn til HMS i byggefasen, er det gått vekk frå å bruke myra til deponi. Dette området inngår difor ikkje i planområdet for reguleringsplanen.

Innanfor planområdet for reguleringsplanen er det planlagt eit større deponiområde i terrenget sør for fylkesvegen. Som tilkomst til deponiområdet for maskiner og utstyr, er det planlagt å etablere ein anleggsveg frå fylkesvegen, over eit dyrka område og opp til deponiområdet.

Langs E39 er det planlagt å etablere ei fylling for å legge til rette for ein gang- og sykkelveg mellom krysset mellom E39 og fv. 453 og snuplassen for buss. Det er og planlagt å heve terrenget rundt ein kolle der det er landbruksområde.

Nord-aust i planområdet, er det regulert inn eit område for mellombels masselager. Området er tenkt nytta berre viss det blir behov for eit område for mellombels lagring av massar i tillegg til dei regulerte deponiområda.

Figur 2-2: Biletet viser E39 og kryss med fv. 453. Fv. 453 strekk seg frå krysset med E39 og mot høgre i biletet. Stipla kvit linje viser reguleringsplanen si avgrensing. Reguleringsplanen omfattar areal både langs E39 og på begge sider av fv. 453.

2.2 Mål for planarbeidet

Målet for planarbeidet, er å utarbeide reguleringsplan for å skaffe deponiområde og mellombels masselager for overskotsmassar i samband med bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen. Deponiområdet må kunne ta i mot om lag 300 000 m^3 massar.

2.3 Tiltaket sitt forhold til forskrift om konsekvensutgreiing

I samband med planoppstart for regulering skal det vurderast om tiltaka i planen krev konsekvensutgreiing, etter krav gitt i forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Vurderinga er utført av Statens vegvesen i lag med Jølster kommune, som førebuing til planarbeidet.

Statens vegvesen vurderer at tiltaka i reguleringsplan «Deponi Klakegg og kryss E39/fv. 453» ikkje krev konsekvensutgreiing for det ferdige tiltaket, men at det er viktig med ei god ROS-analyse for gjennomføringsfasen av prosjektet. Representantar frå Jølster kommune og kommunelegen bør delta på ROS-analysen.

Fylkesmannen peika i sitt innspel til oppstartsvarslet om at det ikkje var gjort vurdering av § 2 d) i konsekvensutgreiingsforskrifta i vårt notat *«Vurdering av kravet om konsekvensutgreiing».* I samband med vår vurdering av krav om konsekvensutgreiing, vart det vurdert at dette tiltaket ikkje er eit utbyggingsprosjekt som legg varig beslag på areal over 15 daa. Deponiområda skal i hovudsak tilbakeførast til dagens føremål, som er landbruk.

3 Planprosessen

3.1 Varsel om oppstart av planarbeid

Etter avtale med Jølster kommune og i samsvar med §§ 12-3, 3-7, og 12-8 i Plan- og bygningslova varsla Statens vegvesen oppstart av reguleringsplanarbeid for deponiområdet ved Klakegg. Oppstart vart kunngjort i avisene Firda og Firda Tidend 3. mai 2017 og med brev datert 26. april 2017 til grunneigarar og offentlege høyringsinstansar. Frist for å komme med innspel var satt til 15. juni 2017. Det kom inn 8 innspel til oppstartsvarselet.

3.2 Medverknad

I samband med oppstart av planarbeidet, vart det halde eit ope møte på kommunehuset på Skei 22. mai for å informere om planarbeidet. Planen er også diskutert med Jølster kommune i under vegs i planprosessen.

3.3 Løyvingar

Prosjektet rv. 5 Kjøsnesfjorden med bygging av Kjøsnestunnelen er med i NTP 2018-2029 med fullfinansiering av prosjektet i perioden 2018-2021 ved basis ramme. Det er difor sannsynleg at prosjektet vert starta opp tidleg i denne perioden. Ved oppstart av rv. 5 Kjøsnesfjorden vil det og bli behov for deponi. Truleg vil deponiområdet ved Klakegg da vere aktuelt å ta i bruk.

3.4 Reguleringsplanar

Det er ikkje andre reguleringsplanar i området.

3.5 Kommuneplan

Arealdelen av kommuneplan vart vedteken i desember 2014, og gjeld for perioden 2013-2025. Kartet i Figur 3-1 viser eit utsnitt frå kommuneplanen i det aktuelle området for reguleringsplanen. Kommuneplanen viser at

området der tiltaket er planlagt, er avsett som LNF-område og vegføremål. Det er og område som er markert som omsynssoner for landbruk og bevaring kulturmiljø. Område SU5 grenser til planområdet for reguleringsplanen.



Figur 3-1: Utsnitt av kommunedelplanen 2013-2025

4 Rammer og premissar for planarbeidet

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for rv. 5 Kjøsnesfjorden, vart det vurdert ulike område for deponering og lagring av overskotsmassar frå prosjektet. Klakegg var eitt av områda som var vurdert til å kunne ta i mot store mengder med overskotsmassar. Reguleringsplanen for deponiet ved Klakegg er difor eit resultat av reguleringsplanarbeidet med rv. 5 Kjøsnesfjorden.

Bygging av Kjøsnestunnelen vil gi om lag 500 000 m^3 overskotsmassar. Ein del av overskotsmassane vil gå til lokale tiltak etter nærare avtalar mellom prosjektet i byggefasen og ulike aktørar. Massar ein ikkje kan nyttiggjere seg til andre tiltak, må deponerast i permanent deponi. Kor mang m^3 med masse dette til slutt blir, vil vere avhengig kor mykje av massane som vert nytta til lokale tiltak.

Det er eit mål at planen skal ha område både for permanent deponering av overskotsmassar, og også eit område for mellombels lagring av massar.

5 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve

5.1 Plassering av planområde

Planområdet ligg like ved E39 og langs fv. 453, om lag 5,3 km nord for Skei i Jølster. Avstanden mellom vestre del av Kjøsnestunnelen og deponiområdet ved Klakegg, er om lag 7,6 km.



Figur 5-1: Plassering av planområde er vist med svart ring i øvre del av kartet.

5.2 E39 og fv. 453

Krysset mellom E39 og fv. 453 er kanalisert med fysisk kanalisering i fylkesvegen. Fylkesvegen har ei stigning på opp mot 7,5 % mot krysset, og ei krapp kurve med radius 50m om lag 130m nedanfor krysset. Det er ikkje registrert trafikkulykker med personskade i perioden 2007-2016, verken langs E39 eller langs fv. 453 ved kryssområdet. Det er ikkje innført nedsett fartsgrense langs E39 eller fv. 453 langs aktuell strekning.

5.3 Eksisterande grunntilhøve

Ut frå kvartærgeologisk kart består området ved Klakegg av 3 typar geologiske avsetningar; tynt morenedekke, myr og breelvavsetningar. Ut frå grunnundersøkingar er det avdekka stadvis stor mektigheit med myr i området til høgre i bilete på Figur 5-2, men det er ikkje planlagt å legge deponiet på dette området. Den nordlege delen av deponiet er planlagt inn mot myrområdet og det vil vinter 2018 bli utført supplerande grunnboringar for å avgrense myrmektigheita og for å kunne gi grunnlag for detaljprosjektering av deponiet. Dette vil og bli utført for deponiet sør for fv 453. Der er det er i hovudsak tynnt morenedekke med mindre myrområder. Det er ikkje venta at tiltaket vil medføre problem med stabilitet eller utglidingar.

5.4 Landskapsbilete

Planområdet er eit småskala landskap. Mindre, vegetasjonskledde koller (høgdedrag), deler opp små stykke med eng- og beiteområde. Dersom ein ikkje gjer inngrep i høgdedraga i landskapet og bevarer randsoner med skog, vil dette landskapet ha god tåleevne for lokalisering av eit eller fleire massedeponi.

Figur 5-2 Ortofoto viser inndeling av landskapsrom i og ved planområdet.

Landskapsrom:

- **Landskapsrom 1 og 2** er delt opp av ein terrengrygg. Høgdedraget har eit lite skogholt med gamle ospetre. I landskapsrom 1 er det anlagt ein hage og plass for ballspel. Landskapsrom 2 er delt opp av eit bekkelaup, med beite i nord og myr sør for bekken
- **Landskapsrom 3, 4, 5 og 6** har mindre stykke av dyrka mark som er omkransa av lauvskog og terrengformasjonar.
- **Landskapsrom 7** er ein eldre ferdselsveg som er delvis gjengrodd. I enden finn vi ein gravhaug.
- **Landskapsrom 8** er eng som grensar mot planområdet vårt.
- **Landskapsrom 9** er eit beiteområde som er avgrensa med vegetasjonskledde høgdedrag.

Figur 5-3 Myr og beiteområdet nord i planområdet. Den skogkledde terrengkollen med gamal ospeskog ser ein til høgre i bilete. (Foto: Eli Mundhjeld)

Figur 5-4 Landskapsrom 3 består av små engareal langs køyreveg, omkransa av skog og terrengvollar. Myr og bekk i forkant av bilete. (Foto: Eli Mundhjeld).

Figur 5-5 Området som er planlagt for midlertidig massedeponi er eit gamalt, gjengrodd tun med falleferdige hus. (Foto: Eli Mundhjeld).

Figur 5-6 Landskapsrom 9. Beiteområdet som delvis er gjengrodd. (Foto: Eli Mundhjeld).

5.5 Nærmiljø og friluftsliv

Nærmiljø vert definert som menneska sitt daglege livsmiljø, med område og ferdselsårar som ligg i nærleiken til der folk bur og område der lokalbefolkninga til dagleg ferdast til fots eller sykkel. Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

Det er spreidd busetnad i og nær planområdet. Busetnaden er i hovudsak knytt opp mot landbruk.

Figur 5-7: Nabo til planområde. Leikeområde nær bustadhus. (Foto: Eli Mundhjeld)

Figur 5-8: Naboar til planområde langs fv. 453. (Foto: Eli Mundhjeld)

Figur 5-9: Fråflytta bustadhus og uthus. (Foto: Eli Mundhjeld.)

Det er ingen statleg sikra friluftsområde, regionalt eller lokalt viktig friluftsområde innanfor planområdet, i følgje naturbase.no og fylkesatlas.no, og heller ikkje nokon registrerte turstiar i området, i følgje www.ut.no, men det går ei lysløype gjennom det planlagde deponiområdet. Lysløypa tilhøyrar Jølster idrettslag.

Figur 5-10: Lysløype ved Klakegg. (Foto: Eli Mundhjeld)

Referansar Nærmiljø og friluftsliv:
www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase
www.fylkesatlas.no
www.ut.no

5.6 Naturmangfald

Det er ikkje registrert sjeldne/viktige naturtypar eller artar i planområdet, jf. Naturbase (Miljødirektoratet) og Artskart (Artsdatabanken). Innan for området som vart meldt ved oppstart, ligg det ei myr der det er registrert grunnforureining, jf. Grunnforurensning (Miljødirektoratet), vist i Figur 5-12. Dette er eit eldre kommunalt deponi frå 80-talet der avfallet vart tippa ut i det som var eit vatn i attgroing i overgang til myr. Deponiet kan også ha vore brukt av andre over lengre tid.

I fråsegn til oppstartsvarselet, datert 15.06.2017, skreiv Fylkesmannen: *«Myra er nokså lita, men slike små lokalitetar kan ha større verdi for artsmangfaldet enn storleiken tilseie, sidan myra ligg i låglandet, og truleg fleire kilometer frå andre myrar (i alle fall i låglandet). Med tanke på å sikre vandringskorridorar for artar og artssystem er vår vurdering at ein slik liten lokalitet som ligg i møtet mellom fleire dalar kan ha stor verdi. Me ser det difor slik at fjerning av lokaliteten vil kunna vera langt meir alvorleg enn om ein tek eit tilsvarande tal dekar frå ei større myr ein annan stad. Både ut i frå prinsipp om å ta vare på karbonsluk (der ei slik, djup, topogen myr truleg er av dei sikraste lagringsplassane ein har for karbon i myr) og naturmangfald, er me av den oppfatning at lokaliteten ikkje bør fjernast på denne måten.»*



Figur 5-11: Forureina grunn vist med rosa prikk. Kjelde Grunnforurensning, Miljødirektoratet.

På bergknausen som står opp nord for myra er det eit ein del ospetre i ulik alder som har eller kan få verdi for spettar og kryptogamar. Spettar er observert i nærleiken til planområdet, m.a. høyrde me rop på synfaringa 29.09.2017. Område L1 er elles i hovudsak forstyrra mark med gjødlsa eng, vegfylling og også nokre granplanter i eit lite bjørkeskogsområde mellom E39 og myra. Myra er grøfta/dyrka mot nord.

Figur 5-12. Frå bergknausen nord for myra, mot fv. 453 og E39. Foto: Eli Mundhjeld

Område sør for fv. 453 (L2) er også i hovudsak påverka av landbruk eller granplanting. Tidlegare areal som har vore maskinelt hausta og gjødsla, er no truleg meir brukt til beite. Skogen er i attgroing med gran også der det ikkje er planta. Det er også landbruksvegar, kraftlinjer og ljosløype i det aktuelle området.

Område L3 var tidlegare eit gardstun. No er dei attståande husa i forfall, og området vert m.a. brukt til lagring av rundballar.

Det er ikkje opne bekkar i anleggsområdet. Ved myra i nærleiken til L1 er det ei open grøft/kanalisert bekk. Stardalselva er nærmaste hovudelv og ho ligg i noko avstand frå deponi- og anleggsområdet.

Figur 5-13: Flyfoto av L3 og området rundt, frå venstre 18. juli 1957, 15. juli 2006 og 21. september 2015. Kjelde: Norgeibilder.no

5.6.1 Kjelder/referansar naturmangfald

- Artsdatabanken, Artskart, 20.12.2017
- Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.
- Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge
- Miljødirektoratet, Naturbase, 20.12.2107
- Miljødirektoratet, Grunnforurensning, 20.12.2017
- Norge i bilder (Kartverket, NIBIO og Statens vegvesen)
- Statens vegvesen, rapport nr. 387. Fremmede skadelige arter – oppfølging av lovverk
- Vann-Nett, 21.12.2017

5.7 Kulturmiljø

Som ein del av vår kulturarv, identitet og som eit ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting har ein etter KML § 1 eit nasjonalt ansvar for å ta vare på kulturminner og kulturmiljø. Planområdet har ikkje tidlegare vore undersøkt av arkeologar, og Sogn og Fjordane fylkeskommune varsla i sitt innspel til varsel om planoppstart, krav om registrering etter KML § 9.

Planområdet har høyrt til garden Klakegg i Jølster kommune. Frå Jølster kommune har ein funne gjenstandar frå steinalderen og yngre, og særleg er det mange funn frå jernalderen. Går ein i austleg retning frå Klakegg kjem ein inn i Stardalen og vidare mot Jostedalsbreen nasjonalpark, i sør kjem ein ned til Skei i Jølster. Breim og Byrkjelo kan ein nå både via Våtedalen i nord og Breimsvatnet i vest.

Utskiftingskart frå 1881 og 1882 syner at ein på denne tida har hatt to klyngetun i innmarka, Jørntunet i vest og Jotunet i aust (Stadnamn i fylkesatlas.no). Det største tunet hadde 38 bygningar i 1882, fordelt på tre brukarar. Desse tuna er ikkje bevart i dag. Bua (SEfrak nr 1431-0208-041) i planområdet er flytt frå Jotunet på gnr 14 bnr 7. Elles i planområdet er det eit eldre tun (14/34) som det ved oppstart vart meldt omsynsone kring frå fylkeskommunen ved nærings- og kulturavdelinga. I planområdet ligg det elles eit tun på 14/16 med eit bustadhus i sveitserstil frå tidleg 1900-tal og eit uthus som har ein tømmerkasse frå 1700-talet bygd inn i seg. Bustadhuset er eit reprasjonsobjekt.



Figur 5-14: Kart over innmarka til Klakegg ved utskiftinga i 1881 (Kart frå jordskiftedomstolen)

Figur 5-15: Kart over utmarka til Klakegg i 1881/1882 (ibid)

Kjelder:
Stadnamn i fylkesatlas.no
Askeladden, kulturminnedatabasen til Riksantikvaren sjekka 26.11.17
P. Fett Førhistoriske førminner på Vestlandet. Jølster prestegjeld.
1957. https://www.nb.no/items/9b7952885542dcf8c0a4360d44242869?page=0&searchText=fett%20j%C3%B8lster
Utskiftningskart frå jordskifteretten domstol.no

5.8 Naturressursar

Innan planområdet er det ulike typar bonitet. Det er område både med fulldyrka og overflatedyrka jord. I tillegg er det og område med innmarksbeite. Bonitetskart i Figur 5-12 viser markslag i og nær planområdet. Innanfor skogsområde med middels bonitet, er det etablert plantefelt for gran. Delar av plantefeltet er innanfor planområdet, sjå bilete i Figur 5-13.

Figur 5-16: Bonitetskart (fylkesatlas.no)

Figur 5-17: Plantefelt for gran i planområdet. (Foto: Eli Mundhjeld)

Den nasjonale grunnvassdatabasen viser 4 registrerte grunnvassbrønnar i nærleiken til planområdet. Det er ingen registrerte georessursar (sand-, grus, pukk-ressursar) i området. (www.ngu.no)



Figur 5-18: Grunnvassbrønnar ved Klakegg (www.ngu.no)

Referansar Naturressursar:
www.fylkesatlas.no
www.ngu.no

5.9 Tekniske installasjonar i planområdet

Det går ei høgspentlinje og ei lysløype gjennom deponiområdet. Det er og lagt kabelgrøft med fiber i nedre del av deponiområdet. Kabelgrøfta går gjennom jordbruksområdet ved fylkesvegen.

6 Skildring av planen

6.1 Generelt

Reguleringsplanen omfattar deponering og mellombels lagring av overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen.

Langs E39 er det planlagt etablering av ein gang- og sykkelveg mellom krysset med fv. 453 og snuplassen for buss, om lag 220m nord for krysset. Gang- og sykkelvegen vegen vert eit tilbod for mjuke trafikantar mellom busslommene sør for kysset og snuplassen for buss nord for krysset.

Planen omfattar også terrengtiltak for å deponere massar permanent, og også eit område for mellombels masselager.

6.2 Reguleringsområdet

Reguleringsområdet er vist i teikning R1-R2. Regulert areal for deponiområda, L1 og L2, viser maksimal utnytting, med totalt ca. 300 000 m^3. Det er mogleg at behovet for deponering av massar vert mindre, alt etter kor mykje overskotsmassar bygging av Kjøsnestunnelen gir, kor mykje av overskotsmassane som går til bygging langs E39 Bjørset – Skei og elles til lokale tiltak. Behovet for permanent deponi kan difor tilpassast inntil maksimal utnytting.

I område for mellombels masselager, L3, er det tenkt plassert massar som skal kunne brukast til lokale tiltak, og ev. til utbetringstiltak langs fv. 453. Viss det blir behov for å ha massar liggande lenger enn anleggsperioden, må det søkast om endring av reguleringsplanen.

6.3 Fv. 453

I prosjekteringsfasen skal det vurderast om kurva før stigninga opp mot krysset kan slakast ut litt ved å etablere ei fylling ned mot myra. Pga. stor djupne i myra og ureina grunn, skal det ikkje etablerast fylling som går heilt ned til myra. Utsnitt frå planen er vist i Figur 6-1.



Figur 6-1: Aktuelt tiltak langs fv. 453. Det er i planen satt av område til «annan veggrunn» i kurva nedanfor krysset med E39 for å kunne slake ut kurva.

6.4 Kablar og leidningar

Det går ei høgspentlinje gjennom deponiområdet. Denne må leggast om i anleggsperioden. Det går og ei lysløype gjennom området. Denne må vurderast enten lagt om eller haldast stengt i anleggsperioden. Lysløypa må stellast til igjen i samband med ferdigstilling av deponiet.

Hausten 2017 vert det etablert kabelgrøft for framføring av fiber til Stardalen. Anleggsvegen for deponiet vil krysse kabelgrøfta.

6.5 Støy

Støy i samband med tiltaket vil i hovudsak vere knytt til massetransport frå anleggsområdet for rv. 5 Kjøsnestunnelen og ved arbeid på deponia. Tiltaket vil ikkje gi auka støy i ettersituasjonen når arbeidet er fullført.

6.6 Flaum

Stardalselva er i periodar utsett for flaum. Det er ikkje venta at dette prosjektet vil virke inn på flaumfaren i området.

6.7 Grunntilhøve i deponiområda

Den nordlege delen av deponiet, L1, er planlagt inn mot eit myrområdet. Vinteren 2018 vil det bli utført supplerande grunnboringar for å finne myrmektigheita og for å kunne gi grunnlag for detaljprosjektering av deponiet. Det vil og bli utført grunnboringar for deponiet sør for fv 453, L2. Der er det er i hovudsak tynt morenedekke med mindre myrområder. Det er ikkje venta at tiltaket vil medføre problem med stabilitet eller utglidingar.

7 Verknader av planen

7.1 Landskapstilpassing

7.1.1 Nær og fjernverknad

Som nemnt i kap. 5.4 Landskapsbilete, har dette landskapet god tåleevne for etablering av eit eller fleire massedeponi, dersom ein unngår dei vegetasjonskledde høgdedraga. Fjernverknad får ein frå fjelltoppane rundt, men sidan heile området skal setjast i stand til jordbruksland, vil massedeponia på sikt ikkje ha negativ påverknad på landskapsbilete. Anleggsarbeid i landskaprom 1, 2, 3 og 4 vil ha negativ påverknad for dei som bur i området, med støv, støy og køyring av steinmassar. Deponi av stein og jord vil prege området i denne tida.

7.1.2 Etappevis etablering av deponi og revegetering

Ein tar sikte på å ta vare på all organisk jord som finst i planområdet. Før ein kan køyre til tunnelmassar, må ein gjennomføre ein hogst av område som blir råka av tippen. Vidare vekk-køyring av tømmer. Hogstavfall og røter må køyrast vekk eller gravast ned (ev. flisast opp om mogleg). Ein må skilje organisk jord frå mineraljord og legge dei i låge rankar til tilvist plass i byggeplan. Deretter kan ein fylle på med stein frå tunnel og starte etablering av nytt terreng. For å hindre at jorda vaskast ut gjennom dei grove steinmassane kan det vere naudsynt å dekke over den deponerte steinen med finare fraksjonar av stein før ein dekker til med først eventuell mineraljord som ein har, så organisk jord. Jorda dyrkast opp etter avtale med grunneigar.

7.1.3 Midlertidig massedeponi

Midlertidig massedeponi er plassert lett tilgjengelig langs vegen. Området er eit gjengrodd gardstun, men gamle hus til nedfall. Området består av mykje skog og kratt. Midlertidig tipp i dette området vert synleg frå nærområda, men kan dempast med at ein beheld eit vegetasjonsbelte rundt tippen. Under anleggsarbeidet er det spesielt viktig at vegetasjonsbeltet som er satt av ikkje vert skada, inkl. røter til større tre.

7.2 Nærmiljø og friluftsliv

Anleggsarbeidet vil føre til støy og støv langs strekninga pga. anleggstrafikk og arbeidet ved deponiområda. Det vil vere viktig med god informasjon, både til dei som bur i og nær planområdet, og for dei som bur langs transportstrekninga mellom Kjøsnes og Klakegg. Det vil og vere viktig med god informasjon til elevar, foreldre/føresette og tilsette ved skulen på Skei.

I det mellombelse masselageret skal det kunne lagrast overskotsmassar med tanke på tilgang til massar for lokale tiltak. Det er i reguleringsplanen vist at bygningar skal kunne fjernast i dette området. Sjå elles kapittel *7.4 Kulturmiljø.* Naboar vil kunne verte eksponert for støy og støv frå aktivitet ved masselageret, spesielt i anleggsfasen.

Lysløypa ved Klakegg vil bli råka av deponiområde. Lysløypa må truleg stengast mellombels under anleggsperioden. Tilstelling av lysløypa ved anleggsslutt, skal gjerast etter nærare avtale med Jølster idrettslag.

7.3 Naturmangfald

Anleggsområdet er no avgrensa slik at det ikkje skal bli nye tiltak i myra ved krysset mellomg E39 og fv. 453. Det er også lagt vekt på å ikkje røre område med forureina grunn etter det kommunale avfallsdeponiet. Storparten av tiltaksområdet er allereie påverka av ulike inngrep.

Naturmangfaldlova (NML)

Mål og prinsipp i naturmangfaldlova (NML) skal vurderast i planomtalen, og ligge til grunn for utarbeiding og vedtak av planen.

NML § 8 om kunnskapsgrunnlaget og effekt av påverknadar

Det er henta inn kunnskap om naturmiljø i tilgjengelege kjelder, jf. referansar og kjelder, kap. 5.6.1. Området er synfare særskilt med tanke på naturmangfald. Vår vurdering er at kunnskapsgrunnlaget, som er brukt og lagt til grunn for vurderingane, står i rimeleg forhold til faren for skade på naturmangfaldet. Det er ikkje venta at tiltaket skal gje monalege negative verknader for naturmangfald.

NML § 9 om føre-var-prinsippet

Føre-var skal nyttast dersom det er lite kunnskapar eller fare for irreversible skadar. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, og at fare for vesentleg skade på naturmangfaldet er lite sannsynleg.

NML § 10 om samla påkjenning

Vi ventar ikkje at dette tiltaket vil ha vesentleg verknad for samla påkjenning i området. Sjå elles under NML § 8 om effektar.

NML § 11 om kostnader

Kostnadane med tilpassingar, slik at tiltaket gjev minst mogleg skade på naturen, er ein del av vegprosjektet og blir dekka av tiltakshavar.

NML § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Framande skadelege artar skal takast hand om i byggjefasa. Det skal ikkje vere skadeleg avrenning til vatn og vassdrag. Tiltak knytt til naturmangfald som skal følgjast opp vidare i prosjektet er lista opp i kap. 7.6 Ytre Miljøplan, og oppfølging av YM-plan er teke inn reguleringsføresegnene.

7.4 Kulturmiljø

Mål og prinsipp i kulturminnelova skal vurderast i planomtalen, og ligge til grunn for utarbeiding og vedtak av planen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utført registrering av kulturminner i planområdet etter § 9 om plikta dei har for å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminner. I planområdet som det vart varsla oppstart på syner undersøkingane at det ligg ein gravhaug frå førhistorisk tid på gnr/bnr 14/12. Gravhaugen er ein av dei største i indre Jølster, og er minst 1000 år gamal. Garden Klakegg sitt hovudtun har tidlegare vore lokalisert i lia vest for dagens E39, og området der gravhaugen ligg har hatt ei ferdselsåre mot Stardalen og Jostedalsbreen. Ferdselsåra er synleg på utskiftingskart frå 1881. Gravhaugen har vore ein synleg markør for makt og rikdom for reisande gjennom dalen. Området for deponiområdet vart etter at SVV vart kjend med den, tilpassa slik at massedeponiet ikkje er i konflikt med gravhaugen eller ferdselsåra, etter § 19 om freding av eit område kring eit freda kulturminne.

I tillegg til gravhaugen er to tun omtalt i svarbrevet frå fylkeskommunen datert 6.12. På gnr/bnr 14/16 ligg to eldre bygningar som framleis ligg innanfor planområdet for deponiet. Det eine er eit bustadhus i sveitserstil og eit uthus/driftsbygning. I uthuset er det bygd inn ei lafta stove frå 1700-talet. For å nytte denne delen av planområdet til masselagring er det i planen lagt inn rekkefyljekrav om at ein fyrst lyt flytte denne stova og bygge den opp att på ei egna tomt. Delar av sveitsarhuset treng reparasjon, men det er råd å setje det i stand. Det er ein hustype som

har ein viss verneverdi, og tilrådinga frå fylkeskommunen er at det får stå. Det vil vere det totale arealbehovet for massedeponiet som avgjer om dette huset lyt rivast. Tunet på gnr/bnr 14/34 er tatt ut av planområdet og er ikkje i konflikt med tiltaket.

7.5 Naturressursar

Delar av dei planlagde deponiområda ligg i område med både fulldyrka og overflatedyrka jord og på beiteområde. Ved etablering av deponiområda der det vert drive landbruk, skal jordsmonnet først takast av og leggast i rankar. Jordsmonnet skal leggast på toppen av deponiet igjen ved avslutning av anlegget, og sørge for tilsvarande kvalitet av området som før etablering av deponiet. Sjå elles 7.1.2 for nærare skildring av etablering av deponi og revegetering.

Plantefelt av gran vil truleg bli råka av delar av deponiet. Kor mykje som blir råka vil avhenge av kor mykje massar som må plasserast i permanent deponi, og kor stort deponiet blir i areal. Endeleg oppmåling av areal vil bli gjort ved avslutning av anlegget.

Langs E39 må det byggast ei fylling for å kunne etablere planlagt gang- og sykkelveg. Utfyllinga gjer det naudsynt å forlenge kulverten som går under E39. Det må vere mogleg med tilkomst for traktor frå dyrka mark og opp til kulverten.

7.6 Ytre Miljøplan (YM-plan)

For alle prosjekt skal det utarbeidast ein plan for det ytre miljøet for utbyggingsfasen – Ytre Miljøplan (YM-plan).

Ein Ytre Miljøplan skal skildre prosjektet sine utfordringar knytt til ytre miljø og korleis desse skal handterast. Denne planen skal ligge føre ved oppstart av arbeidet med å planlegge gjennomføring av veganlegget (byggeplan). YM-planen skal vidare følgje anleggsarbeidet og sikre at føringar og krav til det ytre miljøet vert systematisk teke vare på. Viktige punkt som vert avdekka i arbeidet med reguleringsplanen er omtalt i Tabell 7-1: Innspel til YM-plan.

Tabell 7-1: Innspel til YM-plan

Tema	Krav og vurderingar	Heimla i føresegner til reguleringsplanen eller i særlov
Naturmangfald	Anleggsområdet L3 og i nærleiken av fv. 453 og må undersøkast for svartelista artar før anleggsarbeidet tek til. Svartelista artar skal ikkje spreiast i eller ut av anleggsområdet. Dei same områda må undersøkast om for miljø- og helseskadeleg avfall før anleggsarbeidet tek til. Dersom aktuelle funn skal tiltak setjast i verk for å unngå skade på miljø og helse.	Naturmangfaldlova § 6 Forskrift om fremmede organismer (FOR-2015-06-19-716) Ureiningslova
Foureining	Det skal ikkje vere avrenning av nåleforma partiklar, plastavfall el. andre miljøskadelege stoff til vatn og vassdrag frå deponia eller anleggsdrifta.	Naturmangfaldlova Ureiningslova
Nærmiljø og friluftsliv	Tilstelling av lysløype ved avslutning av anlegget etter nærare avtale med Jølster idrettslag.	
Nærmiljø og friluftsliv	God informasjon til nærmiljøet før oppstart og ved gjennomføring av anlegget.	
Naturressursar	Avtaking av jordsmonn ved anleggsstart, mellombels lagring i rankar og tilbakeføring av jordsmonnet ved ferdigstilling av anlegget.	
Naturressursar	Etablere gode informasjonsrutinar mellom tiltakshavar og grunneigarar for å redusere ulempene for landbruket i anleggsfasen.	
Kulturmiljø	Dersom mellombels masselager, L3, vert teken i bruk, skal tømmerkassen på gnr. 14 bnr. 16 flyttast og setjast opp på ein eigna stad på grunneigar sin eigedom, før området vert tatt i bruk, viss det ikkje kan etablerast ei omsynssone på minst 5 m rundt bygget.	Rekkefølgekrav
Kulturmiljø	For å sikre gravhaugen (A.id. 231661) som ligg på gnr. 14 bnr. 16, er plangrensa justert 30 m vekk frå sikringssona til kulturminnet.	KML § 4 j. og § 6 og §19
Landskap	God landskapstilpassing skal vektleggast	
Landskap	Organisk jord i planområdet skal takast vare på og nyttast.	§2.2
Landskap	Det bør utarbeidast ein plan for etappevis utfylling og revegetering av fyllingar.	§2.2
Landskap	Vegetasjonsbelte rundt midlertidig deponi skal takast vare på. Vegetasjon på markerte høgdedrag i landskapet må ikkje rørast.	§3.1

7.7 Eigedomar og areal

Reguleringsplanen viser maksimal utfylling av regulerte deponiområde. Endeleg utfylling av deponiområda må tilpassast mengde overskotsmassar som skal plasserast i deponi. Deponiområda vil i hovudsak bli erverva midlertidig for bruk under anlegget. Dei skal tilbakeførast til dagens bruk ved avslutning av anlegget, som vist i planen. Det vil bli permanent erverv av areal for bygging av gang- og sykkelvegen langs E39, og ev. eit mindre areal langs fylkesvegen viss det vert aktuelt å gjere tiltak med den krappe kurva, som vist i pkt. 6.3.

Område L3 er tenkt nytta til mellombels masselager viss det blir behov for ein ekstra plass til å mellomlagre massar. I planen er det markert at eit eldre bustadhus og uthus kan rivast om nødvendig. Riving kan vere aktuelt for å kunne utnytte arealet best mogleg. Blir det behov for riving, skal den delen av uthuset som er verneverdig, flyttast til eigna tomt på grunneigar sin eigedom. Viss det i anleggsfasen vert vurdert at det er hensiktsmessig å etablere ei omsynssone på minst 5 m rundt bygga, kan bygga fortsatt stå.

Tabell 7-2: Følgjande eigedommar er omfatta av reguleringsplanen:

Gnr./bnr.	Grunneigar	Adresse
14/3	Mariann Klakegg Raftevold og Per Raftevold	6843 Skei i Jølster
14/9	Arild Rune Klakegg	6843 Skei i Jølster
14/12	Trygve Bolset	6843 Skei i Jølster
14/16	Anders Kristian Sægrov	6843 Skei i Jølster

Når anlegget er ferdig, skal det gjerast ei oppmåling for å fastsette areal for permanent erverv.

7.8 Anleggsarbeid og midlertidig anleggsområde

Anleggsarbeidet vil i hovudsak bestå av å klargjere områda som skal nyttast til deponi og mellombels masselager, og etablere deponi og masselager i tråd med plan for områda.

Områda for mellombels anleggsområde skal stellast til igjen i tråd med reguleringsplan og ev. landskapsplan og andre planar for dei ulike områda.

7.9 ROS-analyse

Det skal utarbeidast ROS-analyse for alle vegtiltak, jf. pbl. §4-3. Gjennom ROS-analysen er det ønskjeleg å få fram aktuelle tiltak for å redusere risikoen for prosjektet, fastsette tiltak som skal innarbeidast i reguleringsplanen og fastsette kva tiltak som skal vidareførast til prosjekterings- og byggefasen.

ROS-analyse på dette plan-nivået skal dekke det arealet planen gjeld for og korleis tiltaka i planen skal gjennomførast på ein trygg måte. Analysen skal også ta omsyn til tilgrensande areal som kan bli påverka av tiltaka i reguleringsplanen.

Tiltaket er ikkje venta å få negative konsekvensar for samfunnstryggleik og beredskap. Fullstendig rapport frå ROS-analysen er vedlagt reguleringsplanen.

Nedanfor er det gitt ei oversikt over tiltak som kom fram gjennom ROS-analysen:

7.9.1 Utforming av tiltak, innarbeidast i reguleringsplan

- Innspel til YM-plan:
  - Ved anleggsarbeid på dyrka og dyrkbart areal, skal jordmassar sorterast og takast vare på for å opparbeide tilsvarande dyrka og dyrkbart areal igjen ved ferdigstilling av anlegget.
  - Tilpasse deponiet for å halde ein minsteavstand frå gravrøysa ut frå krav frå fylkeskommunen.
  - Tilpasse mellombels masselager til verneverdige bygningar
  - Krav til utarbeiding av rigg- og marksikringsplan

7.9.2 Tiltak som ikkje vil gå fram i reguleringsplan

- Nødvendige tiltak for å oppfylle krav frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ut frå arkeologiske funn.
- Informasjonstiltak i byggefasen.

7.9.3 Tilrådde tiltak fram mot anleggsstart

- Informasjon til skule, idrettslag, busette langs transportstrekninga og naboar til planområdet.
- Markere i terrenget minsteavstand mellom deponiet og gravrøysa jf. krav frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

8 Samandrag av innspel til varsel om planoppstart

Frist for å komme med innspel til planarbeidet var satt til 15. juni 2017. Det kom inn 8 innspel. Innspela er gjennomgått av Statens vegvesen. Hovudinnhaldet i innspela er gitt i kortfatta form og kommenterte av Statens vegvesen. Alle innspela ligg som vedlegg til planomtalen.

8.1 Samandrag av innkomne innspel og Statens vegvesen si vurdering av desse

Det kom inn 8 innspel til oppstartsvarselet. 4 av innspela var frå offentlege aktørar. 4 innspel var frå grunneigarar i og ved planområdet. Nedanfor er det gitt eit resymé av innspela og Statens vegvesen si vurdering av desse.

8.1.1 Innspel frå offentlege aktørar

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF):
DMF påpeiker at tunnelstein av god kvalitet bør nyttast som byggeråstoff, og at dette vil redusere behovet for massedeponi knytt til prosjektet. Dei tilrår at behovet for og tilgangen til byggeråstoff i regionen blir vurdert, slik at prosjektet kan vere med å dekke opp for regionen sitt behov for byggeråstoff.

Kommentar frå Statens vegvesen:
Ein god del av overskotsmassane frå bygging av Kjøsnestunnelen går til andre byggeprosjekt, som t.d. E39 Bjørset – Skei, lokale tiltak med rassikring, skogsbilvegar o.a. I tillegg vil krysset mellom E39 og fv. 453 bli bygd om og ei mindre strekning med gang- og sykkelveg vil bli bygd med bruk av desse massane. Bruk av massane til andre byggeprosjekt vil bli prioritert, men prosjektet må ha eit område i reserve til bruk viss ein ser det blir vanskeleg å få nytta all massen til byggeprosjekt i området. Det vil og vere mogleg å ha eit mellombels masselager i området for seinare bruk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og kulturavdelinga
Dei peikar på at området inneheld areal med tidlegare dyrka mark og fine kulturlandskapsområde, og føreset at eit område på oppsida av fylkesvegen, med eitt tun med to eldre bygningar, blir regulert med omsynssone. Dei oppmodar om at høgareliggande areal på begge sider av krysset til Stardalen ikkje blir nytta til deponi, og at

planområdet ikkje vert meir omfattande enn nødvendig, og at det blir lagt vekt på god landskapstilpassing. Planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast.

Kommentar frå Statens vegvesen
Reguleringsplanen er utforma for å ta best mogleg vare på registrerte kulturminne i område, og i tråd med fylkeskommunen si tilbakemelding etter registrering.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Dei viser til «Fylkesmannen sine rutinar for handsaming av plan- og dispensasjonssaker» og spesielt fagtema 2. naturmangfald, 6. landskap/estetikk, 9. universell utforming, 10. landbruk, 11. ureining og 13. samfunnstryggleik i skrivet «Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsarbeid»

Dei påpeiker at §2d ikkje er vurdert i notatet «Vurdering av kravet om konsekvensutgreiing», og ber om at det blir gjort ei vurdering av om dette er ein plan som fell inn under denne paragrafen.

Det er knytt arealbruksrestriksjonar til området for tidlegare Klakegg avfallsfylling. Før det kan gjerast tiltak i dette området, må dette avklarast med Fylkesmannen og Jølster kommune.
Fylkesmannen meiner at myra ikkje bør fjernast, og set krav om at det må gjerast ei undersøking av naturmangfaldverdiane knytt til myra om Statens vegvesen ønskjer å gå vidare med saka.

Kommentar frå Statens vegvesen
Verknad for dei ulike aktuelle fagtema vil bli vurdert og omtalt i planomtalen.

Det varsla planområdet er på meir enn 15 dekar. Reguleringsplanen er redusert samanlikna med det varsla planområdet, og det totale arealet er godt under 15 dekar. Det er difor vurdert at planen ikkje kjem inn under §2 d).

Reguleringsplanen er avgrensa slik at myra ikkje inngår i planen. Det er funne andre areal innanfor det varsla planområdet, som kan nyttast til plassering av overskotsmassar. Landskapsarkitekt er med i planarbeidet for å tilpasse deponiområda best mogleg til nærliggande terreng.

Norges vassdrags- og energidirektorat
NVE viser til sine nettsider om arealplanlegging og sjekkliste for vurdering av tema innanfor NVE sine forvaltningsområde. Dei har elles ingen innspel til planarbeidet.

Kommentar frå Statens vegvesen
Flaum- og skredfare for området er vurdert og omtalt i planomtalen. Sjekklista er gått gjennom, og aktuelle punkt er omtalt i planomtalen.

8.1.2 Innspel frå private aktørar

Grunneigar Arild Rune Klakegg, gnr. 14 bnr. 9
Grunneigar stiller seg positiv til deponi. Ønskjer gangveg frå Stardalskrysset til snuplassen for buss. Det må takast omsyn til leidningar og kablar mellom husa, og til undergang under E39. Informerer om at det tidlegare vart nedgravd ein del avfall i nordlege del av myra på han sin eigedom.

Kommentar frå Statens vegvesen
I forslag til reguleringsplan er det regulert for gang- og sykkelveg mellom Stardalskrysset og snuplassen for buss. Dette fører til ein del utfylling på eigedomen, og kulverten vert forlenga. Tilkomst til kulverten skal ivaretakast slik at den får tilsvarande funksjon som i dag.
Det vil ikkje bli deponert massar i myra. Tiltaket vil difor ikkje komme i konflikt med den ureina grunnen.
Stabiliteten til grunnen nær myra vil bli undersøkt i prosjekteringsfasen for å vurdere omfanget av utfyllinga.

Grunneigar Anders Kristian Sægrov, gnr. 14 bnr. 16
Grunneigar er positiv til tiltak på sin eigedom. Ønskjer ei terrengheving på eit område nord for fylkesvegen, og at dette området vert regulert med etterbruk som næringsareal. Er og positiv til tiltak på eigedomen sør for fylkesvegen.

Kommentar frå Statens vegvesen
Det vert i forslag til reguleringsplan lagt opp til eit større deponiområde på denne eigedomen sør for fylkesvegen. Eksisterande toppdekke skal takast av og leggast på toppen av deponiet. Deponiet skal tilpassast terrenget så godt som mogleg.

I planen er det lagt opp til eit mogleg mellombels masselager ved eit eldre tun nord for fylkesvegen. Dette kan medføre riving av det fråflytta bustadhuset og flytting av del av eit uthus som er frå 1700-talet. Etter ønskje frå kommunen vil området fortsatt vere LNFR-område i planen.

Grunneigar Sigurd Klakegg, gnr. 14 bnr. 2
Krev at alle miljømessige sider ved deponiplanane må kvalitetssikrast i høve gjeldande lovverk og at det vert teke nødvendige prøvar frå myra/fyllingsområdet slik at eventuell planlegging av kommersiell fiskelokalitetar på eigedomen ikkje blir hindra pga. irreversible deponiløysingar i nærområdet.

Kommentar frå Statens vegvesen
Forslag til reguleringsplan legg opp til at myra ikkje skal brukast til deponiområde. Det er funne andre aktuelle deponiområde innanfor det varsla planområdet. Desse områda skal ikkje ha verknad på myra og ev. ureining av vatn og bekkar.

Trygve Bolset m.fl.
Ønskjer overskotsmassar til bygging av skogsbilveg og velte-/snuplass. Treng totalt ca. 1000 m3.

Har og meldt inn forslag til eit deponiområde ved Bolset, på eigen eigedom gnr./bnr. 26/2. Meiner det her kan plasserast mellom 50 – 100 000 m^3.

Kommentar frå Statens vegvesen
Ønskje om massar til skogsbilveg og velte-/snuplass, må avklarast med prosjektleiinga i byggjefasen.
Forslag til deponiområde ved Bolset er registrert. Truleg er behovet for deponiområde dekka ved å ta i bruk områda ved Klakegg, men forslaget vil bli vurdert nærare viss det skulle vise seg at behovet vert større enn anteke.

9 Innkomne merknader til planforslag

Forslag til reguleringsplan låg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioden 1. mars – 20. april 2018. Det kom inn to merknader til planen. Nedanfor er det gitt ei kort oppsummering av merknadene og Statens vegvesen sin vurdering av merknadene. Innkomne merknader ligg som vedlegg i planomtalen.

Grunneigar Arild Rune Klakegg, gnr. 14 bnr. 9

Grunneigar gjer merksam på kablar, røyr, grøfter og tank det må takast omsyn til under anleggsarbeidet. Det vert presisert at områda som fortsatt skal vere landbruksområde etter ferdigstilling, må bli dekka med god, steinfri jord og såast til. Grunneigar ber og om at området aust for haugen mot eigedom 37/69 vert oppfylt og avslutta innan rimeleg tid. Det vert og presisert at det er viktig at gangvegen langs E39 kjem på plass.

Statens vegvesen sin vurdering

Det vil bli inngått avtale med kvar enkelt grunneigar før anleggsstart. Det er teke inn ei presisering i føresegnene §§ 3.3 og 3.4 om at det med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal deponiområda og område for mellombels masselager ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Dette er i tråd med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin merknad. Føresegn §3.3 set krav om at prosjektorganisasjonen skal utarbeide ein etappevis plan for avtaking av toppmassane i deponiområda, og utfylling og revegetering av områda. Føresegna set og krav til at planen skal utarbeidast i samråd med grunneigarar og godkjennast av Jølster kommune. Dette skal vere tilstrekkeleg for å sikre at anlegget vert gjennomført i tråd med dine merknader.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen skriv at dei legg til grunn at føringar i §3.2 i føresegnene vert følgt opp i YM-planen, og at planen som blir utarbeidd vert følgt ved bygginga av tunnelen. Dei rår til at det i føresegnene vert presisert at deponiområda med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta.

Statens vegvesen sin vurdering

Det er teke inn ei presisering i føresegnene §§ 3.3 og 3.4 om at med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal deponiområda og område for mellombels masselager ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta.

Vedlegg

Innkomne innspel etter varsla planoppstart
Vedlagt er alle brev og dokument som kom inn i samband med at Statens vegvesen varsla oppstart på planarbeidet innan frist til å gi innspel. Nummer på dokumenta er dei nummer dokumenta har fått i Statens vegvesen sitt arkiv, på sak nr. 15/228477.

Innkomne merknader etter høyring og offentleg ettersyn
Vedlagt er dokument som kom inn i samband med at Statens vegvesen la forslag til reguleringsplan på høyring og offentleg ettersyn. Det kom inn to merknader. Nummer på dokumenta er dei nummer dokumenta har fått i Statens vegvesen sitt arkiv, på sak nr. 15/228477. Innkomne merknader har dokument nr. 37 og 38, og ligg etter innkomne innspel til varsel om planoppstart.

Vedtaksbrev frå Jølster kommune

Plan- og profilteikning for gang- og sykkelveg, C001

Normalprofilteikning og overbygning for gang- og sykkelveg, F001

Dokument nr. 15/228477- 19, frå Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 24.05.2017
Vår ref: 17/02183-2
Deres ref: 15/228477-16

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Svar på varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for deponi ved Klakegg i Jølster kommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 26. april 2017.

Om planen
Statens vegvesen skal i samarbeid med Jølster kommune i gang med å lage ein detaljreguleringsplan for deponi ved Klakegg i Jølster kommune. Dette i samband med bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen der det er behov for deponi for overskotsmassar.

Uttale frå DMF
I skildringa av prosjektet vert det opplyst om at prosjektet vil ha masseoverskot og at det vert vurdert både aktuell bruk av overskotsmassane og ulike deponiområde for permanent plassering av overskotsmasser.

Det er positivt at det vidare i planprosessen skal avklarast kordan overskotsmassar skal disponerast. DMF vil påpeike at tunellstein av god kvalitet bør nyttast som byggeråstoff, noko som vil redusere behovet for massedeponi knytta til prosjektet. Ved meir detaljert planlegging for prosjektet anbefaler DMF at behovet for, og tilgangen til, byggeråstoff i regionen blir vurdert, slik at prosjektet kan vere med å dekke opp for regionen sitt behov for byggeråstoff.

Med helsing

Marte Kristoffersen
seksjonsleiar

Inger Anne Ryen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Inger Anne Ryen

Mottakarar:
Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER

Dokument nr. 15/228477-20, frå Arild Rune Klakegg

Fra: Arild Rune Klakegg
Til: Firmapost-Vest
Kopi: Øyre Bente
Emne: Innspill Deponi Klakegg
Dato: 14. juni 2017 16:06:31

Hei,

Vi på bruk 14/9 hos Arild Klakegg stiller oss positive til deponi .

Håper det blir lagt gangveg frå Stardalskrysset og til rundkjøyring hos oss, vi har 4 barn og det er umulig å følge vegen trykt .

Dersom det blir fylt masser vår eigendom er her vassledning og kabler mellom husa som må takast hensyn til i tillegg til tilkomst undergang E39 som vi har .

Det er også blitt gravd ned mindre mengder skrot på min side av myra på slutten av brukstida på bossplassen mot Stardalsvegen ,dette må bli deres ansvar om det kjem i konflikt med dykkar planer.

Ellers er det berre å ta kontakt om de treng meir opplysninger.

Vennlig hilsen
Arild Rune Klakegg
Telefon: +47 909 60 356
Arild.Rune.Klakegg@felleskjopet.no

Dokument nr. 15/228477-21, frå Anders Kristian Sægrov

Fra: Anders Kristian Sægrov <saegrov@hotmail.com>
Sendt: 15. juni 2017 14:56
Til: Firmapost-Vest
Emne: Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for deponi ved Klakegg i Jølster.

Hei

Eg viser til motteke varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for deponi ved Klakegg, i Jølster kommune, av 26. april 2017.
Som grunneigar i austlege del av planområde, gnr 14, bnr 16, ønskjer eg å komme med nokre innspel til sjølve tiltaket og til reguleringsplanen.

Eg stiller meg positiv til tiltak på min eigedom, og ønskjer særleg ei terrengheving innan det avsette planområde nord for fylkesvegen. Eg ser føre meg at dette området vil være naturleg å nytte til næringsaktivitet i framtida, det være seg lagerbygg til eigen næring, til landbruksrelatert tilleggsnæring eller til kommersiell utleige, eventuelt ein kombinasjon. Då vil deponi av sprengstein være eit positivt tiltak og vil være eit insitament for vidare utvikling av eigedomen. I ope møte måndag 22. mai, kom det fram at det kunne være aktuelt å lagre massar til bruk også etter sjølve tiltaksperioden. Eg stiller min eigedom disponibelt også til slik etterbruk, men då gjerne med ei tidsavgrensning spesielt med hensyn til naboar. Med den bakgrunn ønskjer eg svært gjerne at Statens vegvesen i den varsla reguleringsplanen, om mogleg, kan avsette det omtalte området på min eigedom (nord for fylkesvegen) med etterbruk som næringsareal i samsvar med ovanforståande forklaring.

Bygningane på eigedomen er etter mitt syn rivningsobjekt, og bustadhuset kan med fordel fjernast. Det er frå før rive ein fjøs nord for bustadhuset. På eigedomen sør for fylkesvegen er eg også positivt innstilt til tiltaket, men det bør utførast ei undersøking på om det er eit kulturminne (gammal gravrøys) heilt aust i planområdet nær tunet til naboeigedom gnr.14 bnr. 10.

Eg stiller altså eigedom gnr. 14 bnr. 16 til disposisjon for planlagt tiltak, og ser med det moglegheiter for ein positiv utvikling av eigedomen.

Med helsing
Anders Kristian Sægrov
Mobil 41226973
mob. jobb: 45004700

Dokument nr. 15/228477-22, frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Berit Gjerland
E-post: berit.gjerland@sfj.no
Tlf.: 41330987

Vår ref.
Sak nr.: 17/4391-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt j.nr.
22244/17

Dykkar ref.
15/228477

Dato
LEIKANGER, 01.06.2017

Statens vegvesen Region Vest
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Jølster - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for deponi ved Klakegg

Vi viser til dykkar brev av 26.04.17.

Dette området er eit av områda som blir vurdert til permanent deponi. Det er ca. 20 daa.

Området inneheld, forutan den djupe myra nemnt i oppstartvarslet, også areal med tidlegare dyrka mark og fine kulturlandskapsområde.
Planområdet inneheld også eit tun med to eldre bygningar. Det er ikkje opplyst kva planstatus det arealet skal ha, vi føreset at området på oppsida av vegen med bygningane blir regulert med omsynssone.

Ut frå omsyn til eksponert landskap og mogleg også i forhold til automatisk freda kulturminne, vil vi sterkt oppmode om at høgareliggande areal på begge sider ved dagens avkøyrsle til Stardalen ikkje blir nytta til deponi, verken mellombels eller permanent. Det gjeld spesielt arealet vest for denne vegen.
Vi vil generelt sett, oppmode om at planområdet ikkje blir meir omfattande enn nødvendig og at det blir lagt vekt på gode landskapstilpassingar.

Delar av planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne. Det gjeld kulturminne som har samanheng med dyrking og gardsbusetnad i førhistorisk og tidleg historisk tid, nærare bestemt jamalder og mellomalder.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast, jf. lov om kulturminne § 9. Nærare opplysningar om kulturminneregistreringa blir sendt i eige brev.

Vi gjer merksam på at reguleringsplanen ikkje kan vedtakast av kommunestyret før § 9 undersøkinga og tilhøyrande sakshandsaming er gjennomført.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Berit Gjerland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamarar:
Gunn Tove Nyheim, tlf. 57643149, e-post: fmsfony@fylkesmannen.no
Oddgeir Aardal, tlf. 57643077, e-post: fmsfoaa@fylkesmannen.no

Vår dato: 15.06.2017
Dykkar dato: 26.04.2017

Vår referanse: 2017/1752- 421.4
Dykkar referanse: 15/228477-16

Statens vegvesen, Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for deponi ved Klakegg i Jølster kommune

Me viser til oversending dagsett 26.04.2017.

Føremålet med planen er å legga til rette for etablering av permanent deponi. Deponiet skal gjera det mogleg å bygga om krysset mellom E39 og fv 453, slik at fylkesvegen får betre kurvatur og mindre stigning inn mot krysset. Reguleringsplanen skal òg visa ev. behov for areal til rigg og mellombels deponi/masselager.

Det er behov for å etablera fleire deponi for overskotsmassar i samband med bygginga av Kjøsnestunellen. Ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for rv. 5 Kjøsnes – Lunde vart det utarbeidd eit notat som massehandtering. Planområdet er eit av områda som var vurdert i notatet.

Planområdet er avsett til LNF-føremål i overordna plan, og er på kring 20 daa. Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Skriv med merknadar frå Fylkesmannen til oppstart av reguleringsplanarbeid
Me viser til brevet om rutinane til Fylkesmannen for behandling av plan- og dispensasjonssaker Fylkesmannen sine rutinar for handsaming av plan- og dispensasjonssaker. Brevet ligg på heimesida vår under Plan og bygg < Arealforvaltning. Her går det m.a. fram at me brukar eit eige skriv med merknadar ved oppstart av reguleringsplanarbeid.

For utfyllande merknadar knytt til aktuelle fagtema, som her kan vera 2. naturmangfald, 6. landskap/estetikk, 9. universell utforming, 10. landbruk, 11. ureining og 13. samfunnstryggleik og beredskap viser me derfor til skrivet Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsarbeid som de òg finn under Plan og bygg < Arealforvaltning. Kommunen må vurdera om det er andre tema i skrivet enn dei me nemner som er meir relevante for planarbeidet. Kopi av skrivet ligg ved. **Me presiserer at merknadane i skrivet er å sjå på som ein del av fråsegna vår til oppstartsvarslet, og legg derfor til grunn at det kjem tydleg fram av planarbeidet korleis relevante punkt er vurderte.**

Elles minner me om at planomtalen mellom anna skal gjera greie for verknadane planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn (jf. pbl. § 4-2).

Natur og miljø
Me kan ikkje sjå at § 2 d er vurdert i notatet «Vurdering av kravet om konsekvensutgreiing». Me legg til grunn at det blir gjort ei vurdering av om dette ein plan som fell inn under § 2 d) i konsekvensutgreiingsforskrifta, planar som alltid skal behandlast etter forskrifta: «*område-*

Dokument nr. 15/228477-23, frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

reguleringer, og detaljreguleringer på mer enn 15 dekar, som omfatter nye områder til utbyggingsformål».

Ureining
Ved planforum 21.01.2015 peika me på at det er forureina grunn i området, og at dette må undersøkast nærare. Den ureina grunnen i myra ved krysset mellom E39 og fv. 453 på Klakegg er registrert som Klakegg avfallsfylling (lokalitet 4327) i Grunnforurensningsbasen og i Matrikkelen. **Dette medfører at det er arealbruksrestriksjonar på eigedommen. Før det kan gjerast tiltak i dette området, må dette avklarast med Fylkesmannen og Jølster kommune.**

Bygging på myr
Det går fram av oppstartsvarselet at tiltaket vil medføra utgraving av myrmassar, og at det skal gjerast utrekningar av klimagassutslepp ved planarbeidet. Det er utført grunnundersøkingar i myra, og funne at myra har ei mektigheit på opp mot kring 10 meter. Det blir planlagt å deponera overskotsmassar frå anlegget rv. 5 Kjøsnestunellen i området og andre søkk i terrenget i planområdet. Deponiet skal gjera det mogleg å bygga om krysset mellom E39 og fv. 453 slik at fylkesvegen frå betre kurvatur og mindre stiging mot krysset.

Me er kjent med at ein for nokre år sidan starta med utfylling av ein slags vegkropp utover i myra, med oppgraving av grøft langsmed. Myra er nokså lita, men slike små lokalitetar kan ha større verdi for artsmangfaldet enn storleiken tilseier, sidan myra ligg i låglandet, og truleg fleire kilometer frå andre myrar (i alle fall i låglandet). Med tanke på å sikra vandringskorridorar for artar og artssystem er vår vurdering at ein slik liten lokalitet som ligg i møtet mellom fleire dalar kan ha stor verdi. Me ser det derfor slik at fjerning av lokaliteten vil kunna vera langt meir alvorleg enn om ein tek eit tilsvarande tal dekar frå ei større myr ein annan stad.

Både ut frå prinsipp om å ta vare på karbonsluk (der ei slik, djup, topogen myr truleg er av dei sikraste lagringsplassane ein har for karbon i myr) og naturmangfald, er me av den oppfatning at lokaliteten ikkje bør fjernast på denne måten.

Dersom vegvesenet og/eller kommunen ønskjer å gå vidare med saka, må det gjerast ei undersøking av naturmangfaldsverdiane knytt til myra. Me ser det som relevant at denne undersøkinga også vurderer kva verdi lokaliteten har som «vadestein» når artar må flytta på seg. Avstandar til nærmaste låglandsmyrer, og til tilsvarande miljø/artssamfunn, bør vera eit viktig punkt i denne samanheng. Undersøkinga må gjerast av folk med tilstrekkeleg kompetanse på området.

Me er kjent med at det er nokre fleire og større myrar i Klakegg-området. Desse er ikkje nødvendigvis av same slag. Dersom desse har meir preg av bakkemyrar, er dei truleg ikkje så djupe, og kanskje heller ikkje så gamle. Er myra i krysset ei gammal tjørn med sedimenteringshistorie heilt tilbake til isavsmeltinga, kan det vera at ho òg vil kunna ha verdi for framtidige pollenundersøkingar mm. Slike topogene myrar vil i alle høve vera meir robuste overfor klimaendringar enn bakkemyrar, sjølv om dei endrar karakter og kanskje over tid vil utvikla seg frå flatmyr til høgmyr.

Landbruk
Planområdet omfattar areal klassifisert som dyrka jord og innmarksbeite, som det må takast omsyn til i planarbeidet. Dersom produktivt jordbruksareal vert føreslege omdisponert til område for permanent lagring av tunnelmassar, ser vi det som viktig at matjord og undergrunnsmassar vert tekne vare på og sikra forsvarleg etterbruk til jordbruksføremål. Det må gå tydeleg fram av planomtale og reguleringsføresegner korleis jordmassane skal mellomlagrast og brukast.

Med helsing

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til Jølster kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dokument nr. 15/228477-24, frå NVE

Fra: Otnes Toralf
Til: Firmapost-Vest
Emne: Gjeld varsel om oppstart av arbeid med detajreguleringsplan for deponi ved Klakegg - Jølster kommune
Dato: 16. juni 2017 09:46:59
Vedlegg: image001.gif

Syner til brev datert 26.04.2017.

På NVE sine sider om arealplanlegging, https://www.nve.no/flaum-og-skred/arealplanlegging/ ligg mellom anna ei sjekkliste for vurdering av tema innanfor NVE sine forvaltningsområde. NVE har elles ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

Toralf Otnes
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35
E-post: toot@nve.no
Web: www.nve.no

Dokument nr. 15/228477-25, frå Sigurd Klakegg

Fra: Sigurd Klakegg
Til: Firmapost-Vest
Kopi: Jolster kommune
Emne: Deponi ved Klakegg, Jolster
Dato: 16. juni 2017 12:57:57

Hei

Dykkar referanse 15/228477-16

Litt på grensa i høve til uttalefrist for reguleringsplanarbeided for dette deponiet tillet eg meg allikevel å kome med følgjande merknader.
Eg er eigar av gr.nr. 14- br.nr. 2 på Klakegg og har avrenning av området frå det planlagde deponiet gjennom garden min i form av bekk som renn til Stardalselva ved munningen av inngangen til Våtedalen.

Eg går ut frå at Statens Vegvesen er gjort kjend med at deponiområdet vil overlappe ein gamal kommunal avfallsplass med tilhøyrande spørsmål om kva som måtte vere av diverse miljøgifter som er nedgravne på denne lokaliteten.

Som grunneigar i avrenningsområdet krev eg at at alle miljømessige sider ved deponiplanene må kvalitetssikrast i høve til gjeldande lovverk og at det vert teke tekje naudsynte prøver frå myra/fyllingsområdet slik at eventuell planlegging av kommersielle fiskelokalitetar på eigedomen min ikkje blir hindra grunna irreversible deponiløysingar i nærområdet.

Med helsing

Sigurd Klakegg

Dokument nr. 15/228477-26, frå Trygve Bolset

Fra: Trygve Bolset
Til: Øyre Bente
Emne: SV: deponi av overskotsmasse
Dato: 19. juni 2017 12:18:36
Vedlegg: Skann_20170619 (2).png

Hei igjen!

Legg ved kart som viser kor vi ønsker bruk av oveskotsmasse.

Kart med markert grønn strek er om lag 140 m lang ny skogsbilveg, her vil det vere behov for 750 m3. Denne vegen fører so fram til velte/snuplass som treng 250 m3 som er markert med gult. Den eksisterande tilkomstvegen (80m) er markert med rosa blir vurdert utbetra, treng her då 200m3. I sum vil vi kunne trenge over 1000 m3

Vi er i hovedsak 3 (evnt.4) grunneigarar som treng denne tilkomstvegen for å hente ut tømmer. Dette er det som kan gjere det mogleg å få realisert vår plan, etter som vi treng store mengder tilkjørt steinmasser.

Vi som bak dette ønske om tilkjørt overskotsmasse er:
Jan Asle Bolset, 26/6
Magne Bolset, 26/7
Trygve Bolset, 26/2, 14/5, 14/12
evnt. Erik Kristian Steinset, 26/3

Helsing
Trygve Bolset

Fra: Øyre Bente [mailto:bente.oyre@vegvesen.no]
Sendt: fredag 16. juni 2017 11.55
Til: Trygve Bolset <trygve.bolset@enivest.net>
Emne: SV: deponi av overskotsmasse

Hei!

Eg registrerer det som eit innspel til planen. Send gjerne eit kart som viser plassering.

Med helsing
Bente Øyre

Seksjon: Planseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest. Postboks 43. 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4. LEIKANGER
Telefon: +47 57655754 **Mobil:** +47 95259784 **e-post/Lync:** bente.oyre@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trøng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Trygve Bolset [mailto:trygve.bolset@enivest.net]
Sendt: 16. juni 2017 11:53
Til: Øyre Bente <bente.oyre@vegvesen.no>
Emne: deponi av overskotsmasse

Hei!

Viser til innformasjonsmøte på kommunehuset på Skei den 22. mai og skriv datert 26.04.2017 om reguleringsplan på Klakegg.

Vi er 3 grunneigarar på Bolset som ønske å ta imot overskotsmasse ved bygging av skogsbilveg og velteplass på Bolset (4 km nord for Skei).

Vi forventa å kunne ta imot mellom 500 -1000 m3

Dette gjeld ein strekning frå 20m til 200m frå E-39 på Bolset.

Eg kan ettesende eit kart som viser lokaliseringa av vårt prosjekt, om dette er av inntresse. Vi er svært intressert.

Helsing
Trygve Bolset



Dokument nr. 15/228477-31, frå Trygve Bolset

Fra:	Trygve Bolset
Til:	Øyre Bente
Kopi:	Andreas Bolset
Emne:	SV: Deponi ved Klakegg - utkast til område for bruk og deponering av massar
Dato:	3. november 2017 08:17:18
Vedlegg:	Skann_20171103 (3).png Skann_20171103 (2).png

Hei!

Vil opplyse om at det går ei lysløype gjennom det planlagde deponiområde. Er truleg Jølster Idrettslag som er eigar.
Sjå vedlegg.

Har eit nytt forslag til deponi på Bolset. Dette ligg ca. 1 km nærmare Skei enn det planlagde deponiet på Klakegg. Dere står fritt til å komme innom for eventuelt vurdere mitt forslag. Det er eg som er grunneigar. Kan plassere truleg 50 – 100 000 M3. Sjå vedlegg.

Helsing
Trygve Bolset

Dokument nr. 15/228477-37, frå Arild Rune Klakegg

Fra: arild klakegg <aklakegg@yahoo.no>
Sendt: 20. april 2018 19:43
Til: Firmapost-Vest
Emne: ref 15/228477-33

Hei,

Merknader til reguleringsplan:

Gjer merksam på at det ligg vannledning på eigedommen som ikkje må bli skada.

Det ligg også brann varslings kabel mellom 3762 og 3769

Nær 3769 ligg det kloakkgrøft og septiktank.

Regner med at det vil bli dekt med jord og sådd til med god steinfri jord.

Ber om at området øst om haugen mot 3769 blir oppfylt og avslutta innan rimeleg tid.

Er ellers veldig viktig for oss at det kjem gangveg langs E39.

Mvh
Arild Rune Klakegg
6843 Skei
Tlf 90960356

Dokument nr. 15/228477-38, frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Sakshandsamarar:
Gunn Tove Nyheim, tlf. 57643149, e-post: fmsfgny@fylkesmannen.no
Oddgeir Aardal, tlf. 57643077, e-post: fmsfoaa@fylkesmannen.no
Mari Severinsen, tlf. 57643028, e-post: fmsfmse@fylkesmannen.no

Vår dato 20.04.2018
Dykkar dato 23.02.2018

Vår referanse 2017/1752 421.4
Dykkar referanse 15/228477—33

Statens vegvesen, Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Fråsegn til høyring av forslag til detaljreguleringsplan for deponi ved Klakegg i Jølster kommune

Me viser til oversending dagsett 23.02.2018.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for massedeponi. Reguleringsplanen omfattar område for deponering av overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen. I planen inngår òg etablering av gang- og sykkelveg langs E39 som ein del av deponiet. I tillegg legg planen opp til at det kan etablerast eit mellombels masselager nær fv. 453 ved behov. Ved maksimal utnytting av deponiområda, kan det deponerast om lag 300 000 m³ innanfor planområdet.

Natur og miljø
Ved varsel om oppstart peika me på at det er ureina grunn i myra nordvest i planområdet, ved krysset mellom E39 og fv. 453.

Det gjekk fram av oppstartsvarselet at planlagde tiltak ville medføra utgraving av myrmassar i nordvestre del av planområdet, og at det skulle gjerast utrekningar av klimagassutslepp ved planarbeidet. Me peika på at dersom ein ønskte å gå vidare med saka, så måtte det gjerast ei undersøking av naturmangfaldsverdiane knytt til den aktuelle myra.

Me konstaterer at anleggsområdet no er avgrensa slik at det ikkje skal bli nye tiltak i myra i nordvest, ved krysset mellom E39 og fv. 453, og at dette er presisert i planomtalen.

Me legg til grunn at føringar i punkt 3.2 blir følgt opp i YM-planen, og at planen som blir utarbeidd vert følgt ved bygginga av tunellen.

Landbruk
Planområdet omfattar både fulldyrka, overflatedyrka jord og areal klassifisert som innmarksbeite, som vil bli mellombels omdisponert ved etablering av massedeponi i området. I følgje planomtalen skal alt av organisk jord og mineraljord samlast og mellomlagrast, for deretter å plasserast som topplag eller eventuelt nydyrkast oppå deponiet. Tilbakeføring av jordmassane er eit viktig avbøtande tiltak for å redusera tap av matjord, og er i tråd med det me tilrådde i fråsegna vår til oppstart av planarbeidet.

Det går fram av §§ 3.3. og 3.4 i reguleringsføresegnene at det skal utarbeidast ein etappevis plan for avtaking og tilbakeføring av jordmassane, og at denne planen skal utarbeidast i samråd med grunneigar og godkjennast av kommunen. Me rår til å presisera i føresegnene at deponiområda med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Me merkar oss elles som positivt at handtering, mellomlagring og tilbakeføring av jordsmonn er tema i ytre miljøplan for tiltaket.

Telefon 57 64 30 00
Organisasjonsnummer N-974 763 907
Nettstad fylkesmannen.no/sfj
E-post fmsfpost@fylkesmannen.no

Besøksadresse
Hovudkontor: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Landbruksavdelinga: Fjellvegen 11, 6800 Førde

Postadresse
Hovudkontor: Njøsavegen, 2 6863 Leikanger
Landbruksavdelinga: Postboks 14, 6801 Førde

Samfunnstryggleik og beredskap
Det er utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) i planområdet. Grunna tidsmangel har me ikkje høve til å sjå nærare på saka.

Med helsing

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Jølster kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Endringa må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.

Saksutgreiing:

Statens vegvesen, region vest, har i samarbeid med Jølster kommune utarbeidd framlegg til reguleringsplan for eit mellombels masselager og permanente deponi for overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen. Deponiet er planlagt for å kunne ta mot om lag 300 000 m3 overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen.

Planområdet ligg vest for Skei, på Klakegg i Jølster kommune. Det ligg frå krysset mellom E 39 og fv. 453 eit lite stykke mot Stardalen. Området er noko mindre enn det som vart varsla ved oppstart.

Reguleringsplanområdet ligg i kommuneplanen 2013-2025 som LNF (landbruk, natur og friluftsliv).

For utfyllande informasjon om planen og planprosessen fram til offentleg ettersyn, sjå sak om framlegg til offentleg ettersyn JournalpostID: 17/240- 5 og planframlegget.

Offentleg ettersyn

Detaljreguleringsplanen har lege ute til offentleg etersyn, jf. §3-7 i Plan- og bygningslova, i perioden mars–20. april 2018. Det kom inn 3 tilbakemeldingar, der 2 av desse hadde merknader til planen. Desse og Kort resymé av desse:

NVE:

Ingen merknad.

Grunneigar Arild Rune Klakegg, gnr. 14 bnr. 9

Grunneigar gjer merksam på kablar, røyr, grøfter og tank det må takast omsyn til under anleggsarbeidet. Det vert presisert at områda som fortsatt skal vere landbruksområde etter ferdigstilling, må bli dekka med god, steinfri jord og såast til. Grunneigar ber og om at området aust for haugen mot eigedom 37/69 vert oppfylt og avslutta innan rimeleg tid. Det vert og presisert at det er viktig at gangvegen langs E39 kjem på plass.

Jølster kommune:

Vegvesenet har på ein god måte følgt opp innkomne merknader:
Det vil bli inngått avtale med kvar enkelt grunneigar før anleggsstart. Det er teke inn ei presisering i føresegnene §§ 3.3 og 3.4 om at det med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal deponiområda og område for mellombels masselager ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Dette er i tråd med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin merknad.
Føresegn §3.3 set krav om at prosjektorganisasjonen skal utarbeide ein etappevis plan for avtaking av toppmassane i deponiområda, og utfylling og revegetering av områda. Føresegna set og krav til at planen skal utarbeidast i samråd med grunneigarar og godkjennast av Jølster kommune. Dette skal vere tilstrekkeleg for å sikre at anlegget vert gjennomført i tråd med dine merknader.

Jølster kommune
6843 Skei i Jølster
tlf. 57 72 61 00
postmottak@jolster.kommune.no

Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

27.06.2018

Vår ref	Dykkar ref	Arkiv	Løpenummer
AGN 2017000240 - 11		FA - L12	18/3841

Detaljreguleringsplan for deponi på Klakegg -vedtak

Kommunestyret - 041/18:
Det er gjort følgjande vedtak i saka:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke

Jølster kommune vedtek etter § 12-12 i plan- og bygningslova Reguleringsplan for deponiområde ved Klakegg plan ID 1431-2017002, med slike endring etter offentleg ettersyn:

- Det skal prioriterst å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg.
- Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.

Endringa må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.

Med helsing

Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy
Tenesteleiar Plan og Bygg
57726114

Jølster kommune

Arkiv:	FA - L12
JournalpostID:	17/240-10
Sakshandsamar:	Rognsøy, Anne-Grete Nøttingnes
Dato:	15.05.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
034/18	Utval for Plan og Utvikling	23.05.2018
041/18	Kommunestyret	19.06.2018

Detaljreguleringsplan for deponi på Klakegg -framlegg til vedtak

Vedlegg i saka:

1.	Rv. 5 Kjøsnesfjorden - Deponi Klakegg_Forslag til reguleringsplan	96320
2.	Rv. 5 Kjøsnesfjorden - Deponi Klakegg_Forslag til reguleringsplan	96320

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune vedtek etter § 12-12 i plan- og bygningslova Reguleringsplan for deponiområde ved Klakegg plan ID 1431-2017002, med slike endring etter offentleg ettersyn:

- Det skal prioriterst å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg.
- Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.

Endringa må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.

23.05.2018 Utval for Plan og Utvikling

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

UPU-034/18 Vedtak:

Jølster kommune vedtek etter § 12-12 i plan- og bygningslova Reguleringsplan for deponiområde ved Klakegg plan ID 1431-2017002, med slike endring etter offentleg ettersyn:

- Det skal prioriterst å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg.
- Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.

Endringa må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.

19.06.2018 Kommunestyret

Handsaming:

Anders Kristian Sægrov, H stilte spørmål om ugildskap jf § 40 nr 3 i kommunelova, han vart funnen ugild og gjekk frå møtet. Det møtte ikkje varamedlem.
Einar Gautefall stiller same spørsmål, grunneigar av Vikalivegen: kommunestyret vedtek at Einar Gautefall ikkje er ugild,jf § 40 nr 3 i kommunelova.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KST-041/18 Vedtak:
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke

Jølster kommune vedtek etter § 12-12 i plan- og bygningslova Reguleringsplan for deponiområde ved Klakegg plan ID 1431-2017002, med slike endring etter offentleg ettersyn:

- Det skal prioriterst å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg.
- Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.

Endringa må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.

Saksutgreiing:

Statens vegvesen, region vest, har i samarbeid med Jølster kommune utarbeidd framlegg til reguleringsplan for eit mellombels masselager og permanente deponi for overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen. Deponiet er planlagt for å kunne ta mot om lag 300 000 m3 overskotsmassar frå bygging av rv. 5 Kjøsnestunnelen.

Planområdet ligg vest for Skei, på Klakegg i Jølster kommune. Det ligg frå krysset mellom E 39 og fv. 453 eit lite stykke mot Stardalen. Området er noko mindre enn det som vart varsla ved oppstart.

Reguleringsplanområdet ligg i kommuneplanen 2013-2025 som LNF (landbruk, natur og friluftsliv).

For utfyllande informasjon om planen og planprosessen fram til offentleg ettersyn, sjå sak om framlegg til offentleg ettersyn JournalpostID: 17/240- 5 og planframlegget.

Offentleg ettersyn

Detaljreguleringsplanen har lege ute til offentleg etersyn, jf. §3-7 i Plan- og bygningslova, i perioden mars–20. april 2018. Det kom inn 3 tilbakemeldingar, der 2 av desse hadde merknader til planen. Desse og Kort resymé av desse:

NVE:

Ingen merknad.

Grunneigar Arild Rune Klakegg, gnr. 14 bnr. 9

Grunneigar gjer merksam på kablar, røyr, grøfter og tank det må takast omsyn til under anleggsarbeidet. Det vert presisert at områda som fortsatt skal vere landbruksområde etter ferdigstilling, må bli dekka med god, steinfri jord og såast til. Grunneigar ber og om at området aust for haugen mot eigedom 37/69 vert oppfylt og avslutta innan rimeleg tid. Det vert og presisert at det er viktig at gangvegen langs E39 kjem på plass.

Jølster kommune:

Vegvesenet har på ein god måte følgt opp innkomne merknader:
Det vil bli inngått avtale med kvar enkelt grunneigar før anleggsstart. Det er teke inn ei presisering i føresegnene §§ 3.3 og 3.4 om at det med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal deponiområda og område for mellombels masselager ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Dette er i tråd med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin merknad. Føresegn §3.3 set krav om at prosjektorganisasjonen skal utarbeide ein etappevis plan for avtaking av toppmassane i deponiområda, og utfylling og revegetering av områda. Føresegna set og krav til at planen skal utarbeidast i samråd med grunneigarar og godkjennast av Jølster kommune. Dette skal vere tilstrekkeleg for å sikre at anlegget vert gjennomført i tråd med dine merknader.

Natur og miljø: Ved varsel om oppstart peika me på at det er ureina grunn i myra nordvest i planområdet, ved krysset mellom E39 og fv. 453. Konstaterer at anleggsområdet no er avgrensa slik at det ikkje skal bli nye tiltak i myra i nordvest, ved krysset mellom E39 og fv. 453, og at dette er presisert i planomtalen. Legg til grunn at føringar i punkt 3.2 blir følgt opp i YM-planen, og at planen som blir utarbeidd vert følgt ved bygginga av tunellen.

Landbruk: Tilbakeføring av jordmassane eit viktig avbøtande tiltak for å redusere tap av matjord, og er i tråd med det vi tilrådde i fråsegna vår til oppstart av planarbeidet. Det går fram av reguleringsføresegnene §§ 3.3. og 3.4 at det skal utarbeidast ein etappevis plan for avtaking og tilbakeføring av jordmassane, og at denne planen skal utarbeidast i samråd med grunneigar og godkjennast av kommunen. Vi rår til å presisere i føresegnene at deponiområda med utgangspunkt i markslaga for dei aktuelle areala, skal ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Vi merkar oss elles som positivt at handtering, mellomlagring og tilbakeføring av jordsmonn er tema i ytre miljøplan for tiltaket.

Samfunnstryggleik og beredskap: Det er utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) i planområdet. Grunna tidsmangel har vi ikkje høve til å sjå nærmare på saka.

Jølster kommune: Vegvesenet har på ein god måte følgt opp innkomne merknader:

Som følgje av merknadene, er det gjort enkelte presiseringar i føresegnene. Merknadene medførte ingen endring av teikningane. Innkomne merkander og Statens vegvesen sin vurdering av desse er også omtalt i kapittel 9 Innkomne merknader i samband med høyring og offentleg ettersyn.

Innkomne merknader ligg som vedlegg i planomtalen.

Vurdering
Administrasjonen var i sin vurdering, ved utlegging til offentleg ettersyn, kritiske til at omsynet til å brukt massane til fornuftige tiltak ikkje er godt nok ivareteke av Statens vegvesen. Hovudtiltaket, bortsett frå masseplassering, i høve utbetring av veg/kryss er direkte tilsidesett i reguleringsplanen. Vi ynskte at Statens vegvesen skulle finne betre løysingar for masseplassering som kjem fleire til gode. Eit framlegg til alternativ var utbetring og heving av vegen ved Grepstad, som tidlegare har vore gjentatt spelt inn i Regional transportplan. Vegen her vert ofte stengd som følgje av flaum ved stor elv.

Administrasjonen kan ikkje sjå at vegvesenet har vurdert eller gitt noko tilbakemelding i høve omsynet til å bruke massane til fornuftige tiltak. Det vert difor velt å krevje følgjande:

- Det skal prioriterst å plassere masser til Vikalivegen og til tiltak knytt til reguleringsplan på Kjøsnes plan ID 1431-2017001, ved behov i anleggsperioden, før plassering på Klakegg.
- Oppdukkande prosjekt, i anleggsperioden, med større massebehov skal prioriterast dersom kostnaden med tilkøyring ikkje vert vesentleg høgare enn rein masseplassering på Klakegg.

Kravet må leggast inn i føresegnene før vedtaket er gyldig.





Teiknforklaring

Prosjektert

- Fylling/deponi
- 4x36m Frisikt
- Henvisning vegmodell
- Parsellgrense

Eksisterande

- Eigedomsgrense
- Rekkverk

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Statens vegvesen

Rv. 5
Rassikring Kjøsnesfjorden
Gang- og sykkelveg Klakegg
Plan og profil

Reguleringsplan

Tegningsdato	07.12.2017
Bestiller	Vegavd. Sogn og Fj.
Produsert for	Region vest
Produsert av	Planseksjonen
Prosjektnummer	304176
Prosjektfasenummer	14R0005R_048
Arkivreferanse	2012022775
Målestokk A3-format	1:500/1:100
Koordinatsystem	EUREF89 UTM Sone32
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	C001

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
eirrar	otteik	benoyr	

Normalprofil

M=1:50, mål i meter



OVERBYGNING G/S-VEG
BÆREEVNEGRUPPE 1-4

M=1:10



3,0 cm Agb11, Slitelag
3,0 cm Agb11, Bindlag

10,0 cm Fk 0/32, Bærelag

Avrettingslag

35 cm Kult 22/90, Forsterkingslag inkl.
avrettingslag 5 cm Ak eller 5 cm Fk 0/32

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Statens vegvesen

Rv. 5
Rassikring Kjøsnesfjorden
Gang- og sykkelveg Klakegg
Normalprofil og overbygning

Reguleringsplan

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
eirror	otteik	benoyr	

Tegningsdato	07.12.2017
Bestiller	Vegavd. Sogn og Fj.
Produsert for	Region vest
Produsert av	Planseksjonen
Prosjektnummer	304176
Prosjektfasenummer	14R0005R_048
Arkivreferanse	2012022775
Målestokk A3-format	1:500/1:100
Koordinatsystem	EUREF89 UTM Sone32
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	F001

Statens vegvesen
Region vest
Ressursavdelinga
Postboks 43 6861 LEIKANGER
Tlf: (+47) 22073000
firmapost-vest@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen